



Jørn Øyre hagen Sunde leiar nytt seminar ved Baroniet laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Laurdag leiar professor Jørn Øyre hagen Sunde frå Uskedalen det tradisjonelle, historiske seminaret på Baroniet.**

**Han vil sjølv freista å finna særtrekk ved guds biletet i Sunnhordland frå om lag 1642 til 1741 og samanlikna det med Nordhordland og Hardanger.**

Foredraget er basert på ein studie av utsegn i over 500 rettssaker og vil visa at satan forsvann frå Sunnhordland omlag samstundes med at Gud vart allmektig omlag 1700, seier professoren i rettshistorie ved Universitetet i Bergen som også er forskar og rådgjevar ved Baroniet.

Dette er det niande seminar i rekka og kulturhistorie er tema dette året.

\* Ernst Berge Drange, fyrstekonservator ved Ryfylkemuseet, vil teikna eit oversiktsbilete av Sunnhordlands kulturen.

\* Professor Nils Gilje ved Universitetet i Bergen vil ta for seg den folkelege motstanden mot reformasjonen på Vestlandet.

\* Liv Helene Willumsen, som er fyrsteamanuensis ved Universitetet i Tromsø, har som tema trolddomsprosessane i Finnmark og Skottland på 1600-talet.